

## Fitjar kommune

# Detaljregulering for Landa næringsområde, gnr/bnr 70/1 m. fl.

Plan-ID: 202201

## Framlegg til planprogram



Datert:

19.08.2022

# INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
1.2	GJELDANDE PLANSTATUS .....	4
1.3	LOKALISERING.....	4
1.4	PLANAUGRENSING .....	4
<b>2</b>	<b>PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....</b>	<b>6</b>
2.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING (KU).....	6
2.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....	6
<b>3</b>	<b>FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>8</b>
<b>4</b>	<b>UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR .....</b>	<b>9</b>
4.1	NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFUNNSVERKNAD .....	9
4.2	STRANDSONE, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ, INKLUDERT BARN OG UNGE .....	9
4.3	LANDSKAP .....	11
4.4	NATURMANGFALD .....	12
4.5	FORUREIING .....	13
4.6	GRUNNFORHOLD OG NATURRESSURSAR.....	13
4.7	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ .....	14
4.8	FARLEI, FERDSEL OG FISKERI .....	16
4.9	TEKNISK INFRASTRUKTUR .....	17
4.10	RISIKO OG SÅRBARHEIT .....	18
<b>5</b>	<b>UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING .....</b>	<b>19</b>
5.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST .....	19
5.2	UTGREIINGSTEMA OG -METODE .....	19

# 1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for KU. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar K. Volden Transport AS.

Prinsippøknad for å melde oppstart av reguleringsplanarbeidet vert handsama parallelt med planprogrammet.

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram vert annonsert i avisa Sunnhordland, samt på nettsida til Fitjar kommune og ABO Plan & arkitektur.

Merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

**ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord**

Eller elektronisk til: [poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no) eller [sarah@abo-ark.no](mailto:sarah@abo-ark.no)

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for næringsverksemd i området avsett til næring i gjeldande kommuneplan, samt ei utviding av næringsområdet ned til sjøen og ut i sjø. Føremålet er såleis å leggja til rette for næringsverksemd frå fylkesvegen ned til sjøen, inkludert utfylling i sjø.

Det er få sjøtilknytte næringsareal som er ledige for nye verksemd i kommunen. Regulering og utvikling av dette området vil bidra til nytt tilgjengeleg areal, mellom anna for marine/maritime næringsverksemd. Tilgang til sjø er viktig for slike verksemd, og ein vil difor inkludere arealet heilt ned til sjø.

Vestland fylke har satt seg eit mål om å bli nullutsleppsfylke innan 2030. For å nå dette målet er det naudsynt å byggja opp nye næringar. Det er mellom anna eit stort potensiale innan havbruk, hydrogen, CCS (karbonfangst, -utnytting og -lagring), havvind, batteriproduksjon, mineralutvinning, undervasssteknologi og sirkulære forretningsmodellar.



Rapporten *Grøn region Sunnhordland* frå 2021 omhandlar korleis ein kan kvalifisere og prioritere dei viktigaste forretningsområde for å sikre grøn og berekraftig verdiskaping i heile fylket. Rapporten peikar på at Sunnhordland allereie har betydelege utbygde næringsareal, men at det er ei utfordring å leggje til rette for ytterlegare næringsareal. Dette gjeld spesielt areal med direkte tilkomst til sjø. Samstundes er tilgang på nye, sjøtilknytte areal ein viktig indikator for grøn næringsutvikling.

Planen vil opne for nye sjøtilknytte næringsareal i kommunen, samt område for kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Næringsareala vil kunne medverke positivt med omsyn til fleire lokale arbeidsplassar i Fitjar kommune.

<b>Hovudføremål med ny plan</b>	Næringsføremål, hovudvegssystem, hamneområde i sjø og djupvasskai
<b>Planområdets storleik</b>	Om lag 204 daa
<b>Aktuelle problemstillingar</b>	Terrengtilpassing, utforming av næringsområde
<b>Krav om konsekvensutgreiing</b>	Ja
<b>Politisk prinsippavgjersle</b>	
<b>Oppstartsmøte</b>	22.06.2022
<b>Godkjenning av oppstart</b>	
<b>Handsaming av planprogram og varsel om oppstart</b>	

## 1.2 Gjeldande planstatus

Gjeldande kommuneplan regulerer planområdet til næring, LNF, kombinerte føremål FFNF (Fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde). Deler av planområdet er omfatta av faresone for ras- og skredfare (H310\_11), og 100-metersbeltet til sjø er omfatta av omsynssone landskap – funksjonell strandzone. Området er ikkje tidlegare detaljregulert.



Figur 1 Planområdet og gjeldande kommuneplan for Fitjar kommune.


Figur 2. Lokalisering av planområdet på Landa.

## 1.3 Lokalisering

Planområdet ligg på Landa i Fitjar kommune, mellom Sandvikvåg og Fitjar sentrum, nord for Årskog næringsområde. Planområdet inkluderer fylkesveg 545 – Sandvikvågvegen. og strekk seg ut i sjø for å leggje til rette for etablering av fylling og kai. Området består i dag av skog og innmarksbeite. Det er ikkje etablert bygningar eller tiltak i planområdet, med unntak av eit uthus som står like ved Sandvikvågvegen. Skogen er i NIBIO Kilden (AR5-kart) registrert som barskog.

## 1.4 Planavgrensing

Planområdet er om lag 204 daa, og omfattar heile eller delar av følgjande eigedomar: Gnr./Bnr 70/1, 3, 4 og 26. Forslag til planavgrensing er vist i figuren under.



Figur 3 Planavgrensing

Planområdet inkluderer Sandvikvågvegen for å kunne etablere avkøring/kryssløysing til næringsområdet, og sjøområde for å kunne leggja til rette for utfylling og kai.



Figur 4. Flyfoto over området, med plangrensa vist med kvit stipla linje.

Det er berre eigedomen gnr./bnr. 70/1 som er planlagt regulert til næring i planen. Planområdet omfattar likevel heile området som er avsett til næring i gjeldande kommuneplan. Areala avsett til næring på eigedomane gnr./bnr. 70/3 og 70/4 vert såleis tilbakeført til LNF-føremål i planen.

## 2 Planprosess og medverknad

### 2.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing (KU)

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og KU. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Reguleringsplanen kjem inn under § 6b i forskrift om konsekvensutgreiingar:

*§6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding.*

*b) Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*

Planframlegget kan koma inn under punkt 8 b) og punkt 24 i vedlegg I:

Punkt 8b): *Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe.*

Punkt 24: *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennnyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup>.*

Næringsføremålet i gjeldande kommuneplan innanfor planområdet er om lag 147 daa. Det vert truleg meir enn 15 daa som vert regulert til næringsbygg og som ikkje tidlegare er omfatta av konsekvensutgreiing, og planarbeidet kjem såleis inn under punkt 24 over.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med KU. Føremålet med KU er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. KU skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår med avbøtande tiltak.

### 2.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspart, samt vil nærliggjande grunneigarar verta varsla direkte i brev form. Andre vil verta varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

Ein vil undervegs i planarbeidet vurdere å gjennomføre ope folkemøte og elles ytterlegare medverknad og prosess.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram vert saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.

- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

#### **Førebels tidsplan**

Prinsippsøknad	september 2022
Planprogram	september 2022
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	september – november 2022
Vedtak planprogram	desember 2022
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	vinter/vår 2023
Høyring planforslag, og ope høyringsmøte	sommar/haust 2023
Vedtak	haust 2023

### 3 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

#### Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional planstrategi for Hordaland 2016 - 2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (under revisjon, planprogram 2022-2027)
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

#### Lokale føringer og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040
- Kommuneplanen sin arealdel, 2012
- Trafikktryggingssplan 2021-2031 (høyringsversjon)
- Risiko og sårbarheitsanalyse ROS, Stord og Fitjar. 2014
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030
- Landbruksplan Stord og Fitjar 2018
- Kulturminneplan 2015 - 2025



## 4 Utfordringar og sentrale problemstillingar

Utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar.

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa.

### 4.1 Næringsutvikling og samfunnsverknad


Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i Fitjar kommune. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Tilrettelegging for nye sjøtilknytte næringsareal på Landa vil såleis bidra positivt til å vidareutvikla og sikre grøn næringsutvikling i kommunen og regionen. Næringsareala som det vert lagt til rette for vil kunne medverke positivt til fleire arbeidsplassar i kommunen.

Det må gjennomførast relativt store terrenginngrep i planområdet. Ein vil forsøka å planlegga området på ein slik måte at ein får ein god massebalanse, slik at massane frå planområdet kan nyttast til å etablera fylling i sjø. På denne måten kan ein unngå unødvendig transport av massar ut av eller inn til planområdet.

### 4.2 Strandsone, friluftsliv og nærmiljø, inkludert barn og unge

Det er eit kartlagd friluftsområde i sjømråda langs land; Skjervika - Nesseklubben, som er av område-type Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Området strekk seg nord til Skumsneset, og er skildra som eit område med fleire gamle naustområde, med teineplassar, og godt eigna fiskeplassar. Området har verdi registrert.

Det er ikkje registrert andre regionale eller lokale friluftsområde innanfor planområdet. Det er ikkje registrert eller kjent at området vert mykje brukt til friluftsliv, eller at det er interesser knytt til barn og unge innanfor planområdet.




Figur 5 Planområdet og det registrerte friluftsområdet Skjervika – Nesseklubben.

I eit folkehelseperspektiv er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og strandsona, samt tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde. Verknaden for folkehelse, barn og unge, inkludert tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde skal vurderast i planen

Store deler av planområdet ligg innanfor strandsona, 100-metersbeltet mot sjø. Dette arealet er også omfatta av omsynssone for landskap – Funksjonell strandsona i gjeldande kommuneplan. Fitjar kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på areala*. Byggeforbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve. Kommuneplanen skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplan. Det meste av strandsona innanfor planområdet er registrert med stor helling (10-25 grader).

Det vil bli gjennomført kartlegging av strandsoneverdiane som del av planarbeidet, der forhold til tema landskap, friluftsliv og naturmangfald særleg skal belysast. Relevante punkt som skal leggast til grunn i 100-metersbeltet langs sjø skal utgreiast i planarbeidet.

Verknader for naboar og nærområde av etablering av næringsområde skal utgreiast i planarbeidet. Figur 6 viser plassering av nærliggande busetnad i forhold til planområdet.




Figur 6 Oversikt som viser nærliggande fritidsbusetnad (blå sirkel) og bustader (raude sirklar).

### 4.3 Landskap

Aurland naturverkstad har utført ei verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, med utgangspunkt i Nasjonal referansesystem for landskap. Planområdet er ein del av landskapstypen *Brede fjordløp og opne fjordmunninger*, og er ein del av området *Fitjarvika*, som er vurdert å inneha middels verdi (verdi 3, vanleg førekomande landskap i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt).

Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø, og strandsona i området er urørt. Det er innsyn til området frå sjøsida i vest, og frå Årskog næringsområde i sør. Planområdet er ikkje synleg frå Fitjar sentrum. Øya Fonno ligg på den andre sida av Fitjarvika.



Figur 7 Oversikt over planområdet og områda rundt. Planområdet er vist med svart markør.

Store deler av området vil bli transformert frå dagens situasjon med urørt naturområde og innmarksbeite til nytt næringsområde tilrettelagt for sjønære og marine/maritime aktivitetar. Deler av området vil verte planert ned til kainivå. Planarbeidet må vurdere tilpassing av planerings- og byggehøgde, og utforming av uteområda og materialbruk.

Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Landskapsmessige verknadar av planen skal skildrast i planframlegget. Dette skal gjerast mellom anna ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv.

#### 4.4 Naturmangfald

Området består i dag av skog og innmarksbeite. Det er ikkje etablert bygningar eller tiltak i planområdet, med unntak av eit uthus som står like ved Sandvikvågvegen. Skogen er i NIBIO sin Kilden (AR5-kart) registrert som barskog med varierende bonitet.

Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området på land, og det føreligg ingen registreringar i offentlege databasar. Framandarten parkslirekne er registrert ved fylkesvegen. Denne er plassert i kategorien *Svært høy risiko*. Det er registrert gytefelt for torsk (Fitjarvika) i sjøområda innanfor planområdet, sjå Figur 13. Feltet er registrert som lokalt viktig, og omfattar heile Fitjarvika.

Ei utvikling av området til næringsareal, inkludert utfylling i sjø vil medføre større verknader på naturmiljøet i området. Sentrale tema vil vera arealbeslag og verknad på naturmangfald både på land og i sjø.




Figur 8 Foto frå planområdet, juni 2022. Innmarksbeitet til venstre, furuskog til høgre.

Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten Fitjarvika, som er registrert med svært god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i vann-nett.

Det er fleire registrerte funksjonsområde for artar i områda kring planområdet. Naturtypen naturbeitemark er registrert på Landa. Denne har verdi svært viktig. Ved Landatjødno er det eit raste- og yngleområde for andefugl av lokalt viktig verdi (C). I det same området er det registrert taksvale, som har status nær trua i norsk rødliste frå 2021. På Landavarden er det registrert et yngleområde for ravn som er lokalt viktig. Det er registrert et yngleområde for gråspett av viktig verdi (B) nordaust for næringsområdet på Årskog. Sørøst for Årskog næringsområde er det registrert eit yngleområde for spurvehauk av viktig verdi. Like sørvest for Breidvika er det registrert et yngleområde for fiskemåke som er lokalt viktig. Sjå Figur 9 for ei oversikt.

Planen vil legge til rette for nytt næringsareal ved utfylling i sjø og inngrep i naturområde. Omfang av tiltak i sjø og på land vil m.a. verta sett i samanheng med massebalanse samla sett i området.

I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø, og naturmangfald er tema i konsekvensutgreiinga. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.



Figur 9 Registrerte naturtyper og funksjonsområde for artar i områda kring planområdet.

#### 4.5 Forureining


Forureining i form av støy, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa og nærmiljøet. Planen vil opne for maritime og marine verksemdar med ny kai og hamneområde i sjø. Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnet, og støy frå hamneverksemdar kan vera ein utfordring for nærliggande område. Planarbeidet må sikre tilstrekkeleg avstand mellom industriverksemdar og busetnad, samt legge føringar for næringsaktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Tilhøve knytt til anleggsarbeid, sprenging og knusing av stein skal belyst i planarbeidet.

#### 4.6 Grunnforhold og naturressursar

I følgje NGU sitt berggrunnskart består heile planområdet og områda rundt av metagabbro. I følgje lausmassekartet til NGU består planområdet av bart fjell. Denne kategorien er brukt om område som stort sett manglar lausmassar, der meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen. Planområdet er registrert med moderat til låg aktsemdsgrad for radon.

Det er registrert innmarksbeite innanfor planområdet, samt produktiv barskog. Utbygging av området vil medføre tap av innmarksbeite og barskog, og verknadar for naturressursar skal skildrast. Verknadar av planen for naturressursar vert tema i konsekvensutgreiinga.

Det er om lag 22 daa innmarksbeite på vestsida av fylkesvegen. Beitet er registrert som jorddekt, ikkje tungbrukt og av middels verdi, i følgje NIBIO. Resten av landområda innanfor planområdet består av barskog. Boniteten er varierende, det meste av skogen er registrert med middels og høg bonitet, mens eit område ved sjøen er registrert med uproduktiv skog.




Figur 10 Illustrasjon som syner type areal innanfor og rundt planområdet

#### 4.7 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø, eller SEFRAK-registrerte bygg i det aktuelle området. Det er heller ikkje registrert automatisk freda kulturminne i sjø.


Fitjarøyane er registrert som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Sjå avgrensing av området i Figur 11. Området er skildra i rapporten *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland* frå 2016. Øyane i området er skildra som låge og lyngklede, med eit rikt tilfang av kulturminne med stor tidsdjupne som vitnar om den rike kulturhistoria i områda her ved leia. Det er vidare skildra at området har småbruk, torvmyrar, ventestader, naustmiljø og privilegerte handelsstader. Lyngheilandskapet knytt til småbruka på Fitjarøyane er framstående i nasjonal samanheng, og har stor visuell styrke. Handelstadane i Brandasund og Engesund ved leia har stor tidsdjupne. Gravrøysene langs leia vitnar om at Fitjar ein gong var eit maktsete.

Rapporten frå Riksantikvaren peikar på at landskapet i Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framstående stader i landskapet både på land og sjø.



Figur 11 Det kulturhistoriske landskapet Fitjarøyane som ligg vest for planområdet (markert med blå sirkel i kartet).

Landa, som ligg nord for planområdet, er eit kommunalt listeført gardstun. Området er skildra som ulike bygningar og andre kulturminne i kystgardsmiljø. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg innanfor gardstunet. I kulturminneplanen for Fitjar kommune står det at Landa-garden truleg er ein av dei eldste på denne kanten av bygda; og at her ligg det to gravrøyser.




Ved Håvardshaugen, på austsida av fylkesvegen, ligg det eit gravminne frå bronsealder – jernalder, som er automatisk freda. På Årskog ligg det eit busetnadsaktivitetsområde frå førreformatorisk tid. Dette er automatisk freda.

Planframlegget vil skildra verknader for kulturminne og kulturmiljø.

Figur 12 Kulturminne i nærleiken av planområdet

#### 4.8 Farlei, ferdsel og fiskeri

Det er registrert fiskeriinteressar i sjømråda innanfor planområdet. Dette gjeld både fiskeplass for aktive reiskap og fiskeplass for passive reiskap. Området heiter Fitjarvika, og vert nytta til notfiske etter sei og makrell, samt garnfiske etter torsk. Det er ikkje registrert låssettingsplassar i nærleiken av planområdet. Det ligg to landbaserte akvakulturlokalitetar ved Årskog. 35357 Årskog er ein lokalitet for berggyllt og rognkjeks, med kapasitet på 115 tonn. Årskog II er ein lokalitet for matfisk og settefisk av laks og regnbogaure, med kapasitet på 10 000 tonn. Lokaliteten 21915 Matløyso er ein matfisklokalitet i sjø, for laks og regnbogaure, med kapasitet på 2780 tonn MTB. Like utanfor planområdet ligg det ein sletta lokalitet; 22076 Leirpollen. Planframlegget vil skildra verknader for fiskeri og akvakulturinteressar.




Figur 13 Registrerte gyteområde, fiskeplassar, låssettingsplassar og akvakulturlokalitetar i områda kring planområdet. Omtrentleg plassering av planområdet er markert med blå sirkel.

Bileia Engesundsleia – Fitjarvik går på vestsida av Fitjarvika,. Planområdet ligg ikkje i nærleiken av farlei eller farleisareal, registrerte ankrings- eller rigg-område, sjå Figur 14.



Planframlegget vil truleg medføre auka trafikk på sjøen med grunnlag i fleire aktørar i området, samt at planen vil opne for ny kai og hamneområde i sjø. Areal til kai og hamneområdet i sjø skal synleggjerast i planarbeidet, og fartøy må sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. I dette ligg det også eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål.

Verknadar av planframlegget for farlei og ferdsel skal omtalast i planframlegget.



Figur 14 Farlei og farleisareal i nærområda til planområdet.

#### 4.9 Teknisk infrastruktur

Deler av fylkesveg 545 Sandvikvågvegen er inkludert i planområdet. Denne vegen har ein trafikkmengd på 1200 ÅDT. Det er ikkje etablert fortau innanfor planområdet. Det ligg busstopp om lag 600 meter sør for planområdet, og om lag 600 meter nord for planområdet. Det er registrert trafikklukker på fylkesvegen innanfor og like sør for planavgrensinga (1981 og 2010). Planframlegget vil legge til rette for næringsaktivitet med tilhøyrande trafikk til og frå området. Det skal etablerast avkøyring frå fylkesvegen til næringsområdet.

I planprosessen skal ein sjå nærare på trafiksikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmønster, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikantgrupper.


Det er offentleg vasstilgang i området, det ligg ein 160 mm vassleidning langs fylkesvegen. Det er ikkje avløpsløysingar i området. Det er planlagt nytt høgdebasseng i Årskog, og planlagt vassleidning i sjø frå Årskog til Sandvikvåg. Forhold til kapasitet og uttakspunkt for sløkkevatn skal omtalast i planarbeidet. Prinsippløysingar for vatn, avløp og overvatn skal omtalast i planframlegget, og VA-anlegg skal planleggast etter kommunen si VA-norm.

#### 4.10 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Fitjar kommune skal òg nyttast.

Sentrale tema i analysen vil vera tilhøve for trafikktryggleik, støy, forureining i grunn/sjø, auka vasstand og grunntilhøve. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i reguleringsplanen.

Deler av planområdet ligg under marin grense, men det er registrert bart fjell i området i følgje NGU. Den austlege delen av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred i følgje aktsemdkart frå NGU, sjå figur under.



Figur 15 Marin grense og aktsemdkart frå NGU.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen.

## 5 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

### 5.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnjevast.

Store deler av området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering av alternativ lokalisering på kommunalt nivå i overordna plan. Det er naturleg å gjennomføre alternative utbyggingsalternativ/utformingar av planområdet i planleggingsfasen.

**0-alternativet:** Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommuneplan.

**Planalternativ:** Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for næringsverksemd i området avsett til næring i gjeldande kommuneplan, samt ei utviding av næringsområdet ut i sjø. Det er lagt til grunn at planarbeidet ikkje vil utgreie alternative lokaliseringar i Fitjar kommune, då området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan.

Planområdet er relativt stort, og det er naturleg å sjå på fleire utformingar av planområdet i ein skisse-/planleggingsfase. Utstrekning av næringsfremålet, storleik på utfylling i sjø, terrassering av området, vegframføring og kryssløysing til fylkesvegen er faktorar som skal vurderast.

### 5.2 Utgreiingstema og -metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken skildra i Statens Vegvesen si handbok V712, Konsekvensanalyser. For tema som gjeld klima og miljø skal Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2021) i hovudsak nyttast som metode for konsekvensutgreiinga.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Dette vil bli skildra i planframlegget. Konsekvensane som er utgreidd for ulike tiltak skal oppsummerast og samanstillast.

Planlagde utgreiingstema i konsekvensutgreiinga:

<b>Tema</b>	<b>Moglege verknader/utgreiingsbehov</b>	<b>Kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)</b>
<b>Næringsutvikling og samfunnsverknadar</b>	Nye sjøtilknytte næringsareal gir høve til etablering for mange næringsaktørar.	Informasjon frå næringsaktørar i området, Fitjar kommune, tiltakshavar, innspel til oppstart av planarbeidet m.m. Grøn region Vestland, rapport 2021 Grøn region Sunnhordland, rapport 2021
<b>Strandsone og friluftsliv, inkludert barn og unge</b>	Verknad av dei planlagde tiltaka på friluftsliv og tilgjenge til området, knytt til både land og sjø. Verknader for folkehelse, inkludert barn og unge.	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Fitjar Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 - 2020
<b>Landskap</b>	Utbygginga sin visuelle verknad på landskapet. Verknader for naboar og nærområde. Nær – og fjernverknader	Kommuneplan for Fitjar Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011.
<b>Naturmangfald</b>	Stette krava i naturmangfaldlova; Verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø.	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Viltet på Stord, rapport 2004 Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet
<b>Naturressursar</b>	Verknader for dyrka mark på land, og fiskeområde i sjø	AR5 – kart Landbruksplan for Stord – Fitjar Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet
<b>Kulturminne og -miljø</b>	Visuelle verknader i høve registrerte kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg.	Askeladden Kulturminneplan 2015 – 2025

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord  
Besøksadr.: Torgbakken 9  
poststord@abo-ark.no